



# Sogndal kommune

## Kommunal planstrategi 2020 - 2023

Vedtøken i kommunestyret 18.06.2020

## Innhald

1. Innleiing .....	3
2. Bakgrunn .....	4
3. Plankultur .....	5
4. Plansystem – heilskap til handling .....	6
5. Erfaringar frå tidlegare planarbeid .....	7
5.1 Erfaring frå tidlegare planstrategiar .....	7
5.2 Status for vedtekne planar .....	7
6. Grunnlagsdokument – folkehelsestatistikk .....	8
7. Overordna føringar for kommunen sitt planarbeid .....	9
7.1 Regionale føringar .....	9
7.2 Nasjonale føringar .....	9
7.3 FN sine mål for berekraftig utvikling /Føringar frå Politisk plattform .....	10
9. Prioriterte planar i perioden 2020 – 2023.....	13
9.1 Politiske planar .....	13
9.2 Politiske retningsliner og vedtekter for konkrete fagområde .....	16
Vedlegg .....	17
Vedlegg 1: FN sine berekraftsmål .....	17
Vedlegg 2: Evaluering av planstrategiar og plangjennomføring.....	17
Vedlegg 3: Status vedtekne planar .....	17
Vedlegg 4: Nasjonale og regionale føringar .....	17
Vedlegg 5: Grunnlagsdokument - folkehelseoversikt .....	17
Vedlegg 6: Nasjonalt veikart for smarte bærekraftige byer og lokalsamfunn .....	17

## 1. Innleiing

Den kommunale planstrategien for Sogndal kommune i perioden 2020 – 2023, viser den politiske prioritering av planarbeidet i perioden.

Planstrategien tar utgangspunkt i at den nye kommunen treng eit felles overordna planverk for å sikre ei målretta drifta av dei kommunale tenestene og tydelege føringar for kommunen som ein aktiv utviklingsaktør. Det betyr at kommunen i denne fasen har prioritert ned tematiske planar innanfor einskildområde, og lagt vekt på å få på plass heilskaplege kommuneplanar.

Planstrategien er utarbeida med grunnlag i den politiske plattformen for den nye kommunen, og politiske vedtak i etterkant av denne. Mål og strategiar er formulert ut frå vurdering av eigne behov, men sett i samanheng med overordna føringar frå stat og fylke og ikkje minst FN sine 17 mål for berekraft. I arbeidet med kommuneplanen vil dei ulike berekraftsmåla bli vurdert og innpassa i ein felles kommunal målstruktur. Måla og strategiane vil vere førande fram til nye mål og strategiar vert vedteke som del av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Planstrategien er utarbeida internt i kommunen i eit samspel mellom politikk og administrasjon. Dette er gjort av di planstrategien ikkje er ein plan i seg sjølv, men skal vere eit politisk verktøy for den planlegginga som skal skje i etterkant. Det er i arbeidet med dei einskilde planane medverknad frå samfunnet er ein avgjerande faktor.

For å få full forståing for det som ligg i planstrategien, er det utforma ei rad underliggande dokument. Desse er vist som eigne vedlegg og tilgjengelege digitalt.

Arnstein Menes  
ordførar

## 2. Bakgrunn

Kommunen sine roller som forvaltningsorgan, tenesteprodusent og samfunnsutviklar er forankra i kommunelova og plan- og bygningsloven. Begge lovene strekar under at utviklinga skal være berekraftig. Plan- og bygningsloven legger til grunn at samfunnsdelen skal være kommunens overordna styringsverktøy. Den nye kommunelova har og krav om at økonomiplanen skal vise korleis kommunen skal følgje opp langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planer.

Arbeidet med kommunal planstrategi er styrt av PBL § 10 der det er sett krav om at kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeider og vedtek ein kommunal planstrategi. Planstrategien skal drøfte dei strategiske vala knytt til samfunnsutvikling, og vurdere kva planbehov kommunen har i valperioden. Planstrategien skal gjere det mogleg for dei nyvalde politiske styringsorgana å påverke planlegginga i perioden og dei strategiske vala kommunen skal styre etter i perioden.

Planstrategien er eit politisk styringsverktøy og skal ha som mål å følgje opp intensjonane i PBL § 3-1 om at:

*Planlegginga skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige føresetnader for gjennomføring og ikkje være meir omfattande enn naudsynt.*

Den nye kommunen har eit stort behov for raskt å få på plass gode og handlingsretta strategiar. Strategiar som kan sikre god utvikling av viktige område i kommunen og styrke utviklingsarbeidet i dei einskilde sektorane. Det er og viktig å legge tydelege føringar for samhandlinga med nabokommunane, region og stat, for å løyse ut dei potensiala som ligg i området.

Den største utfordringa for det nye kommunestyret er at det ikkje ligg føre heilskaplege felles strategiar for kommunen. Utvikling av slike strategiar skal skje gjennom breie prosessar for utforming av ein kommuneplan samfunnsdel. Det er gjennom dette arbeidet at det vil bli gjort meir djuptgåande drøftingar og analysar for å avdekke spesifikke samfunnsmessige eller tenestemessige behov det er særleg behov for å ta tak i.

Kommunen har klare intensjonar om å utvikle kommunen i tråd med prinsippa om berekraftig utvikling som er nedfelt i FN sine 17 berekraftsmål. I tillegg vil kommunen legge vekt på å utvikle seg som ein samskapingkommune, også kalla Kommune 3.0. Dette vil innebere at kommunen må satse på innovasjon, omstilling og effektivisering for å møte utfordringane som kjem med strammare kommuneøkonomi og meir komplekse oppgåver. Det krev nye modellar og metodar for korleis kommunen skal utøve sine ulike roller i velferdssamfunnet og i samarbeid med andre aktørar.

Arbeidet vil bli tufta på tydelege verdiar som Samskaping, Open, God og Nysgjerrig (SOGN), og på prinsippa som ligg i å bli eit «Smart og berekraftige lokalsamfunn» (vedlegg 6). Prinsippa er bygd på den same tenkinga som Kommune 3.0, der det blir avgjerande å kartlegge og lytte til innbygarane sine synspunkt på korleis vi saman kan utvikle eit smartare, tryggare og meir berekraftig lokalsamfunn.

### 3. Plankultur

Sogndal kommune vil etablere ein gjennomgåande kultur omkring planlegging og handling.

#### Plankultur – del av leiarkultur

Plankulturen skal vere ein del av den samla leiarkulturen i organisasjonen, og vil vise korleis vi skal jobbe saman og kva for verdiar som skal prege samhandlinga. Plankulturen legg til grunn ei forståing av at heilskapen er summen av ei rad einskildtiltak og aktivitetar i ulike strukturar, sektorar, institusjonar og organisasjonar. I omgrepet plankultur legg vi:

*Ei felles forståing i organisasjonen av korleis vi skal jobbe med planarbeid som skapar føresetnadar for ei heilskapleg utvikling, miljømessig, økonomisk, sosialt og kulturelt. Ein kultur som er oppteken av det heilskaplege tilbodet, av livskvalitet og dei spesielle kjenneteikna i lokalsamfunna.*

#### Roller og samskaping

Ein god plankultur skal bidra til å skape kvalitetar og verdiar som kjem alle menneska i Sogndal kommune til gode. I utforming av plankulturen skal vi difor skape ei tydeleg rolleforståing, og tydelege retningslinjer for korleis rolla vert synleg. Kommunen vil sjå på si rolle som ein av fleire aktørar, ikkje som den som aleine skal styre og utvikle innhaldet i planane eller kommunen. Skal vi skape endring må vi få til samarbeid med privat sektor, interesseorganisasjonar, forskarar, bebuargrupper, og andre offentlege verksemdar.

#### På tvers av sektorar

Kulturen skal bygge opp under samfunnsplanlegging på tvers av sektorar, der harde tal og fakta vert kopla saman med livskvalitet, demokrati, rettferdig, mangfald og kultur. Då må vi ha med oss ei forståing for korleis vi kan bidra til fellesskapet, verde, respekt og sjølvrespekt. Vi skal utvikle prosessar som bygg nettverk, skapar tillit og styrkar basis for utvikling av eit velfungerande demokratisk samfunn.

#### Tidleg medverknad


I planprosessar skal det bli vektlagt tidleg medverknad. Dette er særskild viktig for dei planen vil gjeld for og/eller skal vere med å gjennomføre planen etter at den er vedteke.

#### Kommunikasjon

Kulturen skal ver prega av open kommunikasjon. Kommunen skal legge til rette for verktøy og prosessar der det er enkelt å orientere seg og delta i planarbeidet.

## 4. Plansystem – heilskap til handling

Som ein del av plankulturen vil Sogndal nytte ein modell for å vise samanhengane i planarbeidet og korleis vi gjennom styring av kommunen skal sikre at planar blir følgt opp og omsett i praktisk handling.



### Frå plan til handling

Det vert vektlagt å ha eit kjent system der mål og strategiar i overordna planar vert konkretisert til handling i kommunen sin økonomiplan/handlingsplanar, budsjett og vidare i administrative verksemdsplanar. Det er likevel viktig at kommunen sine planar skal vere til hjelp for god styring og riktige prioriteringar og handlingar, og ikkje bli ei «tvangstrøye» som hindrar gode avgjerder. Det må difor alltid vere rom for justeringar og vidare evaluering som også kan påverke planverket i neste runde.

### Kjente prosessar

Planstrategien legg føringar for den store planrulleringa med 4-årig perspektiv. Det vert i tillegg ein årleg prosess med økonomiplan, årsbudsjett, verksemdsplanar og årsmeldingar/rekneskap (evaluering). Det skal vere tydelege årshjul som konkretiserer desse prosessane slik at alle veit når det er viktig å bidra for å få inn premissar og når avgjerder vert tekne.

## 5. Erfaringar frå tidlegare planarbeid

### 5.1 Erfaring frå tidlegare planstrategiar

Det vert vist til samla gjennomgang i av planstrategiane i vedlegg 2. Kort oppsummert viser erfaringar frå arbeidet med planstrategi i dei tre tidlegare kommunane at det var eit relativt stort gap mellom ambisjonane om å utarbeide planar og den faktiske kapasiteten kommunane hadde for å gjennomføre planarbeidet. Kommunane har vore for lite flinke til å prioritere, både tal planar og omfanget av dei einskilde planane. Konsekvensane var at fleire av planane ikkje vart gjennomført og det vart store forseinkingar i tid for gjennomført planarbeid.

I og med at ulike planar skal «bygge på kvarandre» har det vist seg vanskeleg å legge ein struktur på gjennomføringa, som klarar å sikre at føringar frå eit plannivå, vert teke med i planarbeidet på eit lågare nivå. Samtidig er det og naudsynt å drive planlegging parallelt på fleire nivå samtidig.

I førre runde med planstrategi gjorde kommunane beviste val om å utsette arbeidet med ny samfunnsdel og arealdel til den nye kommunen var etablert. Dette var ei rett vurdering, men gir den nye kommunen eit ansvar for å prioritere dette høgt i den planperioden vi no har gått inn i.

### 5.2 Status for vedtekne planar

Det vert vist til samla gjennomgang i av status for vedtekne planar i vedlegg 2. Den nye kommunen har samla sett eit svært mangfald av planar. Det er mange planar som delvis er gått ut på dato, men og mange som heilt eller delvis er i aktiv bruk. Gjennom å utarbeide oversikter er det laga eit grunnlag for å sikre at planane frå tidlegare vert ført vidare på ein best mogleg tenleg måte. Det er og gjort ei vurdering av i kva grad planar er følgt opp og gitt dei handlingane dei vart meint til. Denne type evaluering er viktig for å sikre at planane fører til aktiv handling. For strategiske planar og for overordna tematiske planar, har det er vore vanskeleg å gjere denne form for statusvurdering.

For å sikre at det i den nye planstrategien gir betre planlegging og handling, tek vi omsyn til desse erfaringane, og har jobba både med å utvikle ein meir bevisst plankultur på leiarnivå og etablert ein meir heilskapleg planmodell.

## 6. Grunnlagsdokument – folkehelsestatistikk

### Innleiing

Sogndal kommune har i dag ikkje eit samla felles analysegrunnlag for si planlegging. Av tidsmessige og ressursmessige grunnar, har det ikkje vore mogleg å få fram eit komplett og grundig analysedokument som grunngeving for vurderingar av spesifikke utfordringar og derav temamessige planbehov. Det er sett i gang eit arbeid med å få fram gode grunnlagsdata for kommunen. Meir spesifikke analyser vil skje gjennom arbeidet med samfunnsdelen og arealdelen, for å svare på spesifikke politiske og faglege problemstillingar/utfordringar.

Kommunen er likevel ikkje på bar bakke når det gjeld å forstå situasjonen, og det er mykje kunnskap om samfunn og tenester.

### Folkesetnad

Samla for den nye kommunen, auka folketalet gjennom 2019 med 156 personar. Det er gamle Sogndal som står for den vesentlege delen av auken. Folketalet ved inngangen til 2020 er på 11 800 personar. Samla sett har Sogndal ein relativt ung folkesetnad, men det er store skilnader i geografiske område innanfor den nye kommunen. Dei geografiske områda der det er den minste tette folkesetnaden, har og ein større del eldre.

Nye Sogndal kommune har samla ein god alders- og kjønnsamansetnad i folkesetnaden. I egne vedlegg ligg kommunestatistikk for kvar av dei tre kommunane ved årsskifte.

### Folkehelse

Statistikken viser at den nye kommunen ikkje skil seg frå landet elles, og gjer vi det er det den positive sida av skalaen. Samtidig er det ulikskap i utfordringar mellom ulike deler av kommunen. Som eit døme viser statistikken at del born som bur i låginntekstfamiliar er mindre i Leikanger enn i andre deler av kommunen. Dette betyr at kommunen må arbeide noko ulikt med til dømes «fattigdomsutfordringar» i dei ulike delane av kommunen. Det er ikkje grunnlag i tilgjengeleg folkehelsestatistikk å konkludere med at Sogndal har spesifikke folkehelseutfordringar vi må bidra til å møte gjennom eige planverk.

Gjennom arbeidet med kommuneplanen, vil kommunen lage eit felles samla folkehersedokument som vert lagt til grunn for mål, strategiar og handlingsplanar knytt til dei ulike samfunnsområda. I dette arbeidet er det lagt politiske føringar om å vurdere særskilde følgjande område:

- Auken i tal eldre.
- Integrering.
- Unge som dett utanfor samfunnet.
- Barnefattigdom.

Det vert vist til vedlegg 5 Grunnlagsdokument - folkehelseoversikt



## 7. Overordna føringar for kommunen sitt planarbeid

I tillegg til kommunen si vurdering av eigne utfordringar vert overordna føringar lagt til grunn for kommunen sitt planarbeid og kommunen sine mål og strategiar. Dei overordna føringane er regionale føringar, nasjonale føringar og FN sine berekraftsmål. Det vert vist til vedlegga 1 og 4 for meir detaljert framstilling.

### 7.1 Regionale føringar

Føringane frå Vestland fylkeskommune er at kommunane legg regional planstrategi og spesifikke regionale planar til grunn og for dei kommunale planstrategiane og den vidare planlegginga i kommunen. Regionale planar som er direkte relevante her er:

- Regional transportplan
- Regional plan for senterstruktur
- Regional plan for folkehelse
- Regional plan for kultur

Fylkeskommunen legg vekt på at kommunane driv ei heilskapleg planlegging, og at det vert forpliktande samarbeid mellom fylket, kommunen og nabokommunane ved utforming av strategiar og tiltak for å utvikle regionen.

### 7.2 Nasjonale føringar

Regjeringa kom i juni i fjor 2019 med føringar for den kommunale planlegginga. Føringane er mange, generelle og femner om det meste av verksemda i kommunen. Det vert peika særleg på dei store felles utfordringane:


- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa ber kommunane og prioritere 4 planområde:

1. Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling  
*«Planlegging er eit effektivt og godt styringsverktøy for berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommunane har fått større handlingsrom og ansvar for å sikre nasjonale og vesentlege regionale interesser. Kommunal planlegging er viktig for å få ein meir berekraftig, brukarorientert, effektiv og resultatorientert offentleg sektor»*
2. Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet  
*«Eit berekraftig velferdssamfunn er avhengig av at det blir skapt verdier og arbeidsplassar i heile landet»*
3. Berekraftig areal- og transportutvikling  
*«Eit godt transportsystem er avgjerande for eit moderne samfunn og ein viktig del av utbyggingsmønsteret og byutviklinga»*
4. Byar og tettstadar der det er godt å bu og leve  
*«Fleire og fleire bur i byar og tettstadar. Tettstadane i Noreg har låg tettleik og bustadbygging må i større grad skje gjennom fortetting og transformasjon og i mindre grad gjennom bruk av omkringliggende areal»*

### 7.3 FN sine mål for berekraftig utvikling /Føringar frå Politisk plattform

Både frå nasjonalt og regionalt nivå vert FN sine berekraftsmål trekt fram som er det gitt FN sine mål. Den politiske plattformen la og vekt på at måla for nye Sogndal skal bygge berekraftsmåla til FN.



Det er eit viktig prinsipp for berekraftsmåla at dei er bygd på dei tre ulike dimensjonane økonomi, sosial og miljø/klima, som delvis går over i kvarandre. Dette gjer at same tema kjem att i fleire av berekraftsmåla, ut frå ulike tilnærming til dimensjonane.

I arbeidet med kommuneplanen, både samfunnsdelen og arealdelen, og dei ulike tenestoområda, vil alle måla vere nyttige og i stor grad relevante å ha med seg i diskusjonen omkring spesifikke prioriteringar og vinkling på arbeidet.

Det er 17 slike mål, og alle desse måla er relevante og skal ligge til grunn for planarbeid og kommunen si verksemd. Det er likevel trekt fram 7 mål som er vurdert særskild relevante og som i stor grad er vektlagt ved utforming av kommunen sine eigne mål og strategiar i neste kapittel. Desse måla er:

Mål nr. 3	God helse (folkehelseperspektiv)
Mål nr. 4	God utdanning
Mål nr. 9	Innovasjon og næringsutvikling
Mål nr 10	Mindre ulikskap
Mål nr. 11	Berekraftige byar og lokalsamfunn
Mål nr. 15	Liv på land
Mål nr. 17	Samarbeid for å nå måla

I vedlegg 1 er FN sine berekraftsmål presentert med ei konkret gjennomgang av dei ulike måla i relasjon til utfordringar for Sogndal nett no. I vedlegget ligg og referanse til meir stoff om måla.

## 8. Prioriterte mål og strategiar for perioden 2020 - 2021

### Mål og strategiar

#### Gjennomgåande strategiar - prinsipp for korleis vi skal jobbe å nå alle mål.

1. Kommunen skal sikre inkludering og aktiv samskaping med andre aktørar.
2. Kommunen skal setje innbyggjaren eller brukaren i sentrum.
3. Kommunen skal ha ein sunn økonomi som gjev grunnlag for å satse på utvikling.
4. Kommunen skal utvikle og ta i bruk gode brukarvenlege digitale løysingar.
5. Kommunen vil prioritere og styrke det førebyggjande arbeidet
6. Kommunen skal satse på kompetanse, omstilling og innovasjon
7. Kommunen skal prioritere miljø- og klimavenlege løysingar.

#### Mål 1 - Sogndal kommune skal gje gode og likeverdige tenester

##### Nærare føringar:

Tenestene kommunen yter på ulike område er svært viktige for kommunen sine innbyggjarar. Kommunen nyttar også det aller meste av sine ressursar på tenester som barnehage, skule, helsetenester og pleie og omsorg. God kvalitet på tenestene skal vere ei målsetjing som heng høgt for alle kommunen sine tilsette. Likeverdige tenester handlar om at vi skal setje brukaren i fokus og tilpasse tenestene ut frå behov samt at tenester skal vere gode for alle i heile kommunen. Følgjande punkt vert nærare føringar for kommunen sitt arbeid for å nå dette målet

- Kommunen skal ha dialog med brukarane i t.d. brukarundersøkingar om kva som er gode tenester
- Kommune skal ha gode administrative system som støtte til tenesteproduksjonen
- Kommune skal gå gjennom nivå på tenestene og samordne dette i vår nye kommunen.

#### Mål 2 - Sogndal kommune skal fremme livskvalitet for alle

##### Nærare føringar:

Livskvalitet for den einskilde vil vere framtidens kommune sitt viktigaste konkurransefortrinn. Å få folk til å velje Sogndal som buplass handlar for mange om ein totalsituasjon der kvardagane fungerer med bustad, arbeid og fritid. Det handlar også om å høyre til, kunne bidra og trivast. Følgjande punkt vert nærare føringar for kommunen sitt arbeid for å nå dette målet.

- Kommunen skal legge til rette for levande lokalsamfunn med gode oppvekstområde i heile kommunen.
- Kommunen skal legge vekt på å vidareutvikle dei urbane kvalitetane som Sogndal har.
- Kommunen skal vidareutvikle det gode samspelet mellom frivillig sektor, kommunen og næringslivet. Samarbeidet skal vere ein viktig bærebjelke for å sikre at lokalsamfunna vert attraktive stader å leve gode liv i, også i framtida.
- God forvaltning naturen og tilrettelegging for friluftsliv, idrett og kultur.
- Kommunen skal ha aktiv oppfølging av unge som ikkje er i arbeid eller under utdanning
- Kommunen skal legge til rette for inkluderande og aldersvenlege bustader og bumiljø

#### Mål 3 - Sogndal kommune skal vere ein motor for vekst og utvikling i regionen

##### Nærare føringar:

Utvikling og innovasjon er avgjerande for at Sogndal skal ha ei framtid. Gamle produksjonar og strukturar vert i stadig raskare grad avleggs og avvikla. På alle nivå er det viktig å vere omstillingsdyktig, skapande og positiv til endringar slik at gode og framtidsette alternativ veks fram. Følgjande punkt vert nærare føringar for kommunen sitt arbeid for å nå dette målet.

- Kommunen skal være ein offensiv aktør innan samfunns- og næringsutvikling  
Kommunen skal ha tilgang til egne ressursar som kan bidra i regionale utviklingsprosessar.
- Legge til rette for at dei etablerte verksemdene har rammer for å omstille og utvikle seg.
- Kommunen skal jobbe aktivt med ny næringsutvikling innan den grønne økonomien
- Fremje ei berekraftig turistnæring som skapar arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt.
- Kommunen skal vere ein naturleg lokaliseringstad for nye offentlege arbeidsplassar.
- Sogndal skal halde på posisjonen som eit sentralt senter for utdanning og forskning i Sogn og Fjordane.
- Arbeide for å forsterke regionforstørring gjennom god kommunikasjon.

- Være med å utvikle og prøve ut nye former for kollektivreiser/kollektivtransport

#### **Mål 4 - Sogndal kommune skal vere ein berekraftig kommune**

##### **Nærare føringar:**

Klima, miljø og ressursforvaltning gjev grunnlaget for våre livsmiljø. Kommunen skal vere i front for å setje dagsorden for arbeid i eigen organisasjon og i samfunnet som heilskap. Følgjande punkt vert nærare føringar for kommunen sitt arbeid for å nå dette målet

- Kommunen skal arbeide aktivt for å minske ressursbruk, redusere nedbygging av jord- og naturressursar og redusere klimautsleppa.
- Kommunen skal etablere kunnskap og system som sikrar ei berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar.
- Kommunen skal arbeide med detaljhandelen og blant forbrukarar for å redusere svinn i produksjons- og forsyningskjeda, her og svinn etter hausting.
- Kommunen skal arbeide for ei vesentleg reduksjon av avfallsmengder gjennom redusert forbruk, gjenvinning og ombruk.
- Kommunen skal gjennom eigne innkjøp fremje berekraft og lokal produksjon
- Kommunen skal arbeide aktivt for å ta i bruk teknologi som reduserer utslepp frå reise/transport
- Kommunen skal jobbe for ei klima- og miljøvenleg drift av bygg og anlegg.

#### **Mål 5 - Sogndal kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar – framtidsretta organisasjon**

##### **Nærare føringar:**

Kommunen som organisasjon, det vi er og det vi gjer, kjem til uttrykk gjennom våre tilsette. Kommunen skal jobbe for å framstå som ein attraktiv arbeidsgjevar som tiltrekker seg og held på tilsette med god kompetanse og haldningar i tråd med kommunen sine verdiar. Kommunen skal framstå som ein moderne og framtidsretta organisasjon det er spennande å vere ein del av. Følgjande punkt vert nærare føringar for kommunen sitt arbeid for å nå dette målet

- Kommunen skal jobbe vidare FFF-prosjektet (fornye, forenkle og forbetre) som er sett i gang av rådmannen.
- Kommunen skal gjennom delegering og arbeidsomtalar m.v. skal dei tilsette få ansvar til å utøve sitt arbeid og medverke til gode løysingar.
- Kommunen skal ha oppdaterte løysingar på teknologi, hjelpemiddel m.v. til å kunne gjere jobbane godt og effektivt.
- Kommunen skal ha samla fokus på kompetanseutvikling.

## 9. Prioriterte planar i perioden 2020 – 2023

### 9.1 Politiske planar

	Planarbeid/år	2020				2021				2022				2023			
		1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3	4
	<b>Overordna planar</b>																
1	Kommuneplan Samfunnsdel		■	■	■	■											
2	Kommuneplan Arealdel			■	■	■	■	■									
3	Kommunal transportplan m/trafikktryggleiksplan			■	■	■	■	■									
4	Hovudplan Vann Avløp					■	■	■	■								
5	Kommunedelplan – oppvekst							■	■	■	■	■					
6	Kommunedelplan – helse og omsorg							■	■	■	■	■					
7	Kommunedelplan - fysisk akt, idrett og friluftsliv														■	■	■
	<b>Kommunale reguleringsplanar</b>																
8	Hittun bustadområde	■	■	■	■												
9	Saurdal hytteområde	■	■	■	■	■	■										
10	Henjabakkane bustadområde	■	■	■	■	■	■										
11	Strandavegen	■	■	■	■												
12	Fleirbruks- og basishall Sogndal																
13	Områdeplan for Hodlekve	■	■	■	■	■	■										
14	Områdeplan for Øyane/Granden						■	■	■	■	■						
15	Områdeplan for Fjøra-Nestangen							■	■	■	■	■	■				
	<b>Planstrategi</b>																
16	Kommunal planstrategi 2024-2027																■

### Overordna planar

#### 1. Kommuneplan – samfunnsdel.

Arbeidet med ein heilskapleg strategisk plan for utvikling av den nye kommunen, er det som hastar mest. Samfunnsdelen skal gje føringar for anna planarbeid og for utvikling av sektorane i kommunen og legge føringar for kommunen i arbeidet med å utvikle samfunnet. Det er gjennom prosessen med samfunnsdelen det politiske miljø saman med innbyggjarane og ulike interessentgrupper skal legge føringar for utviklinga av kommunen framover.

I kommuneplanen vil det vere aktuelt å legge inn tematiske sektorstrategiar i tillegg til å få fram heilskapen og samanhengene mellom dei ulike delane. Tema for sektorstrategiar i planen vil bli endeleg avklart i planprogrammet, men det vert allereie her lagt følgjande føringar for tema som skal vere med. Dette gjeld mellom anna arealforvaltning, samfunns- og næringsutvikling, landbruk, kultur, beredskap, klima og miljø, oppvekst, helse og omsorg. Planprogrammet vil konkretisere innhald og problemstillingar for kvart einskild tema.

#### 2. Kommuneplan – arealdel.

Arealbruk heng tett i hop med samfunnsutvikling. Den nye kommunen treng klare og gjennomtenkte strategiar for arealbruken, og skape medvit om naudsynte prioriteringar av framtidig arealbruk. Den nye kommunen er ein stor geografisk kommune, der det er viktig at å ha ein samla arealplan som klarar å sjå på ulike strategiar for ulike område, ut i frå ei heilskapleg føring for utviklinga. Som ein del av arbeidet med arealplanen vil det vere naturleg at det vert gjennomført ulike type temautgreingar, analysar og kartleggingsarbeid som t. d. gangvegar, grønne strukturar, sentrumsutvikling.

### **3. Kommunal transportplan (KTP) m/trafikktryggleiksplan.**

Planen følgjer i kjølevatnet av samfunnsdel og bakt inn i arbeidet med arealdelen. Planen er eit naudsynt verkemiddel for å få gjennomført konkrete trafikktryggleiksprosjekt med tilskot frå statlege midlar. Det vert lagt opp til å få vedteke den delen a planen som omhandlar trafikktryggleikstiltak hausten 2020, slik at kommunen kan ha klare sine prosjekt for 2021 og søkje trafikktryggleiksmidlar innan fristane i februar/mars for kommande år.

### **4. Hovudplan for vann og avlaup.**

Dette er fyrst og fremst ein teknisk oversiktsplan som skal vise status på infrastrukturen og behova for utviklinga, også sett i samheng med nye utbyggingsområde fastsett i arealdelen. Gjeldande planar er gamle, og det er eit behov for å få ein overordna gjennomgang av anlegga med konkrete forslag til oppgraderingar og prioritering av desse. Planarbeidet vert difor lagt inn som ei oppfølging av arealdelen.

### **5. Kommunedelplan for oppvekst.**

Den tematiske planen skal bygge på samfunnsdelen, plan-kompetanse frå plan og forvalting bidreg for å sikre god plankvalitet og samheng med overordna planverk. Den tematiske planen skal kunne fungere som eit strategisk verktøy for utvikling av ein felles oppvekstsektor i Sogndal kommune. Planen kan utgå dersom ein finn at samfunnsdelen i kombinasjon med økonomiplan/ handlingprogram og administrative verksemdsplanar gjev tilstrekkeleg planmessig styring for sektoren.

### **6. Kommunedelplan for helse og omsorg.**

Den tematiske planen skal bygge på samfunnsdelen, plan-kompetanse frå plan og forvalting bidreg for å sikre god plankvalitet og samheng med overordna planverk. Den tematiske planen skal kunne fungere som eit strategisk verktøy for utvikling av ein felles oppvekstsektor i Sogndal kommune. Planen kan utgå dersom ein finn at samfunnsdelen i kombinasjon med økonomiplan/ handlingprogram og administrative verksemdsplanar gjev tilstrekkeleg planmessig styring for sektoren.

### **7. Kommunedelplan – fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.**

Kommunedelplanen er eit verktøy for å sikre statleg finansiering av anlegg, og er eit avgjerande verktøy for friviljug sektor. Det er statlege krav om at kommunen skal ha ein 4-årig plan med handlingsprogram som vert rullert årleg. Dei tre samanslegne kommunane utarbeida ein felles plan i 2019, og det er difor ikkje behov for ny plan før i 2023.

## **Kommunale reguleringsplanar**

### **8. Reguleringsplan – Hittun bustadområde.**

Planarbeidet er sett i gang. Planen omhandlar regulering av eit større sentrumsnært bustadområde i Balestrand. Norconsult AS er engasjert til å utføre planarbeidet. Planutkast er venta ferdig etter sommaren 2020. Formell handsaming og vedtak hausten 2020.

#### **9. Reguleringsplan – Saurdal hytteområde.**

Planarbeidet er sett i gang. Planen omhandlar regulering av eit større område til hytter og friluftslivsføremål i Balestrand. Nordplan AS er engasjert til å utføre planarbeidet. Planutkast er venta ferdig hausten 2020. Formell handsaming og vedtak vår 2021.

#### **10. Reguleringsplan – Henjabakkane bustadområde.**

Planarbeidet er sett i gang. Planen omhandlar regulering av eit større sentrumsnært bustadområde i Leikanger. Asplan Viak AS er engasjert til å utføre planarbeidet. Planutkast er venta ferdig hausten 2020. Formell handsaming og vedtak vår 2021.

#### **11. Reguleringsplan – Strandavegen.**

Planarbeidet er sett i gang. Planen omhandlar regulering av eit sjønært område i Leikanger. Asplan Viak AS er engasjert til å utføre planarbeidet. Planframlegg er klart, men er avhengig av kulturminneundersøkingar i sjø og grunnundersøkingar. Formell handsaming og vedtak hausten 2020.

#### **12. Reguleringsplan – Fleirbruks- og basishall Sogndal**

Det vert sett i gang og gjennomført detaljreguleringsplan som gjev rom for å realisere ny fleirbruks og basishall i Sogndal. Ved lokalisering ved Kvåle Skule vil planarbeidet følgje rammer i områdereguleringsplan for Campus. Planarbeidet skal vidare ta utgangspunkt i avklarte rammer for anlegget i t.d. godkjent skisseprosjekt. Avgrensing av planområdet og oppstart av planarbeidet vert tilpassa dette arbeidet.

#### **13. Områderegulering - Hodlekve.**

Planarbeidet er sett i gang. Planen omhandlar regulering av eit større område til hytter, skianlegg, infrastruktur m.m. i Hodlekve i Sogndal. Planarbeidet er organisert som ein partnerskap med Sognefjorden Utvikling AS. Norconsult AS er engasjert til å utføre planarbeidet. Det vert lagt opp til at kommunen i større grad tek over og ferdigstiller dette planarbeidet. Planarbeidet har teke lang tid og skal ha prioritet. Planutkast er venta ferdig i løpet av hausten 2020. Formell handsaming og vedtak i 2021.

#### **14. Områderegulering – Øyane/Granden**

Planen omhandlar regulering for transformasjon av eit større sentrumsnært område i Sogndal. Planarbeidet er forankra i noverande arealdel. Arbeidet vert sett i gang rett i forkant av vedtak for ny arealdel slik at denne kan bli lagt til grunn. Formell handsaming og vedtak våren 2022.

#### **15. Områderegulering – Fjøra-Nestangen**

Planarbeidet vil vere forankra i ny arealdel. Planen omhandlar regulering av austre del av sentrum mellom Fjøra og Nestangen. Formell handsaming og vedtak hausten 2022.

Kommunestyret legg til grunn at regjeringas varsla plankrav og prioritering av tilskot til kommunar som kan vise til planar og prosessar, for «Leve hele livet-reformen», blir følgd opp i det vidare arbeidet med å konkretisere og føreslå planinitiativ.

## Ny planstrategi

### Kommunal planstrategi 2024-2027

Arbeidet med datagrunnlag for ny planstrategi skal starte opp siste året i planperioden. Kommunen vil i denne planperioden søke å etablere eit analyseverktøy som vert rullert og fornya undervegs. Merk: Det er fullt mogeleg å rullere planstrategien midt i perioden dersom ein finn dette naudsynt.

### 9.2 Politiske retningslinjer og vedtekter for konkrete fagområde

Kommunane har ulike rammeverk/retningslinjer for utøving av eit fagområde. Desse har hatt ulik nemning som fagplanar, strategiplanar, hovudplanar eller retningslinjer for ulike fagområde. Desse vert no forsøkt samla som «politiske retningslinjer» eller «vedtekter» der lova føreset det.

Det vert i tillegg til dei overordna planane utarbeida slike ulike tematiske retningslinjer/vedtekter som kommunen vedtek politisk og administrasjonen utøver eit fagområde i samsvar med. Døme på slike politiske retningslinjer eller vedtekter er:

- Alkoholpolitiske retningslinjer
- Strategiplan for hjorteviltforvaltning
- Strategiplan for SMIL-midlar
- Hovudplan for skogsvegar
- Bustadstrategi
- Barnehagevedtekter

Det vert lagt opp til at slike retningslinjer vert utarbeida undervegs der ein finn dette tenleg. Kva retningslinjer som er naudsynte, vert avklart mellom administrativ og politisk leiing, og det vert lagt til komitear/utval å fastsetje omfang og framdrift innfor sine fagområde.



## Vedlegg

Vedlegg 1: FN sine bærekraftsmål

Vedlegg 2: Evaluering av planstrategiar og plangjennomføring

Vedlegg 3: Status vedtekne planar

Vedlegg 4: Nasjonale og regionale føringar

Vedlegg 5: Grunnlagsdokument - folkehelseoversikt

Vedlegg 6: Nasjonalt veikart for smarte bærekraftige byer og lokalsamfunn